

**MØTEBOK HALLINGTINGET****TID:** 27. - 28. oktober 2022**STAD:** Fyri Resort**Desse møtte på Hallingtinget:**

|  |  |
|--|--|
| <b><u>Hol kommune</u></b><br>Petter Rukke<br>Sigrid Simensen Ilsøy<br>Henning Solhaug<br>Martin Grøslandsbråten              | <b><u>Hemsedal kommune</u></b><br>Pål Terje Rørby<br>Richard Taraldsen<br>Petter Owesen<br>Helene Sagabråten<br>Norunn Rivedal |
| <b><u>Ål kommune</u></b><br>Solveig Vestenfor<br>Jørund Li<br>Ola Terje Oleivsgard<br>Ole Egil Trinrud<br>Tore Bøygard       | <b><u>Nesbyen kommune</u></b><br>Tore Haraldset<br>Bård Heio<br>Heidi Hovind Sezer<br>Geir Olav Garthus<br>Adnan Helja         |
| <b><u>Gol kommune</u></b><br>Heidi Granli<br>Herbrand Jegleim<br>Tom Rune Blakkestad<br>Leif Norhaug<br>Kristin Bakke Haugen | <b><u>Flå kommune</u></b><br>Merete Høntorp Gandrud<br>Anette Heiplass<br>Steinar Andre Steinarsson<br>Kristin Gullingsrud     |

**Frå rådmannsutvalet møtte:**

Ole Johnny Stavn Hol kommune, Henrik Skovly Nesbyen kommune, Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune, Hege Mørk Gol kommune, Odd Egil Stavn Flå kommune, Stephan Gundersen Hemsedal kommune

**Administrasjon Regionrådet**

Jan Olav Helling, dagleg leiar, Knut Arne Gurigard, seniorrådgjevar, Linda Dalene Bjerke, prosjektleiar

**Frå Viken møtte:**

Magnus Weggesrud (Sp)  
Bjørn Siem Knudsen (adm)

## **OPNING AV HALLINGTINGET V/RÅDSORDFØRAR SOLVEIG VESTENFOR**

### **SAK 14-22 EVALUERING AV SAMARBEIDSAVTALE FOR POLITIRÅD**

Brit Fyksen og Pål K Mikkeldrud orienterte om politiet sitt arbeid i Hallingdal, om kriminalstatistikk og korleis dei nyttar samarbeidsavtala i sitt arbeid. Ole Reidar Lågrinn, orienterte frå SLT.

#### **Vedtak:**

Hallingtinget vidarefører samarbeidsavtale for politiråd utan endring.

### **SAK 15-22 HALLINGDAL INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD**

#### **Vedtak:**

##### **Hallingtinget innstiller slik:**

1. Kommunestyra i kvar kommune vedtek at Regionrådet for Hallingdal, slik det er organisert i dag opphøyrrer 31.12.2022
2. Det nye regionale politiske samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal blir organisert som eit interkommunalt politisk råd etter kommunelova §18.1 frå og med 01.01.2023. Namnet på rådet skal vere «Hallingdal interkommunale politiske råd», til dagleg kalla «Regionrådet for Hallingdal»
3. Hallingtinget sender samarbeidsavtala og viljeserklæring for Hallingdal interkommunale politiske råd til godkjenning i kommunestyra i kvar kommune.
4. Representantskapet består av ordførarar, varaordførarar og tre representantar frå kvar kommune, til dagleg kalla «Hallingtinget»

### **SAK 16-22 SAMFERDSELSAKER ETTER STATSBUDDSJETTET**

Knut Arne orienterte om kva det blir jobba med etter at Ringeriksbane ikkje vart prioritert i Statsbudsjettet. Sjå presentasjon.

### **SAK 17-22 STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL. RULLERING AV HANDLINGSPLAN**

#### **Vedtak:**

1. Hallingtinget vedtek at følgjande tiltak blir teke ut av handlingsprogrammet:
  - Nr 19: Vurdere vidareføring av «Toppidretsregion Hallingdal»
  - Nr 39: Utarbeide «grøne reguleringsplanar» i kommunane
  - Nr 41: Påverke bøndene til å sortere og levere all rundballeplast
  - Nr 61: Harmonisering av PLO systemet i retning AKSON
2. Hallingtinget vedtek at følgjande tiltak blir lagt til handlingsprogrammet:
  - Gjennomføre tilrådingane i forstudie «Berekraftssenter Hallingdal»
  - Utarbeide ein rekrutteringsstrategi i Hallingdal for offentleg sektor
  - Arrangere ungdomens hallingting
  - Utgreie eit interkommunalt samarbeid innanfor demensomsorga til unge demente og menneske med alvorleg demenssjukdom i Hallingdal
  - Utgreie eit interkommunalt samarbeid til ressurskrevjande brukarar
3. Hallingtinget ber dagleg leiar justere planen i tråd med innspel i møte. Sjå vedlegg

## **SAK 18-22 ÅRSBUDSJETT FOR 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023-2025.**

### **VEDTAK:**

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2023, med ei kommunal finansiering på kr. 2.550.000
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2023, frå kommunane i Hallingdal.
3. Til finansiering av ei ekstra stilling i Regionrådet, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 400.000 ekstra for 2023, frå kommunane i Hallingdal. Denne skal ein forsøke å finansiere på andre måtar frå 2024.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir ståande på kr. 763 671,67 for 2023 og at ein går attende vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2024.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 380.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 380.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
7. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2023 – 2026.

## **SAK 19-22 HALLINGDAL.NO – PROFILERING AV HALLINGDAL**

Ole Christian Apeland og Johanne Eidsvold frå kommunikasjonsfirmaet Apeland snakka om felles profilering av Hallingdal, kva Hallingdal har å tilby, kva historie me skal fortelje og kva som skal til for å få rekruttert inn riktig målgruppe.

## **SAK 20-22 HALLINGDAL I VIKEN OG I NYE BUSKERUD**

Bjørn Siem Knudsen orienterte om kva som er gjort og kva som er planen framover når det gjeld fylkesdeling. Sjå vedlegg. Magnus Weggesrud og Merete Høntorp Gandrud orienterte om arbeidet i dei geografiske utvala.

## **SAK 21-22 AQUA HALLINGDAL**

Torleif Bjella, Jørn Gunnar Jakobsen og Knut Arne Gurigard orienterte om forstudie Aquasenter Hallingdal. Sjå presentasjon

## **SAK 22-22 «SATS PÅ HALLINGDAL» STATUS SÅ LANGT**

Jan Olav orienterte om utviklingsprosjektet, kva som er gjort til no, kva som er satt i gong, kven som har fått midlar. Hallingtinget drøfta vegen vidare og gav innspel på at dei ønskjer å prioritere midlane på større prosjekt med potensiale for fleire arbeidsplassar, framfor å spreie midlane på mange små prosjekt.

## **SAK 23-22 STARTUP HALLINGDAL**

Finalen i Startupp Hallingdal vart arrangert med Hallingtinget som jury. Finalistane var:

**Terese Skarsgard (Ål).** Prosjekt/idé: Interaktiv og individuelt tilpassa planleggingsapp for hobbydyrkarar i som gjer det lettare å lykkast med å dyrke mat i eigen hage.

**Renate Søndrål (Ål).** Prosjekt/idé: Unik overnatting for to i Hallingdal. Små hytter av lokal tømmer med front av glas. Opplegg med mogelegheit for aktivitet knytt til tilbodet.

**Helge Runar Bråten (Nesbyen).** Prosjekt/idé: Grunnvokteren – eit varslingsystem for kvikkleire - og silt skred.

Terese Skarsgard vann finalen.

**SAK 24-22 EVENTUELT****Straumsituasjonen knytt til næringsverksemd****Vedtak:**

Hallingtinget gir regionrådet fullmakt til å utarbeide eit forslag til ordlyd på denne problemstillinga. Denne blir sendt ut til alle i Hallingtinget for gjennomlesing, før me sender den til næringsdepartementet, Buskerudbenken, lesarinnlegg Hallingdølen, osb

**Domstolsreform**

Det blir no jobba med å få attende sorenskrivaren på Nesbyen og politikarane må engasjere seg no. Sigrid Simensen Ilsøy utarbeider ein ordlyd som andre politikarar kan bruke.

**Forskrift frå Statsforvaltaren**

Det er utarbeidd ein hytteveileder frå statsforvaltar. Den er ikkje heilt klar på alle område. Rådmannsutvalet har kontakta statsforvaltaren med spørsmål om statsforvaltaren har mandat til å sette i gong denne ordninga.

**Stenging av Lærdalstunellen**

Gjeld heile Hallingdal, flytting av trafikken frå Valdres. Det fører til meir trafikk på rv 7 og andre vegar utan at dette er risikovurdert. Petter har invitert til møte med vegmyndigheitene.

**Opprop mot avkriminalisering av narkotiske stoff**

Følgade uttale blir sendt som lesarbrev til Hallingdølen

**Vis MOT til å si nei - tør å si ifra!**

Hallingtinget ser med bekymring på det vi oppfatter som lett tilgang på narkotiske stoffer i alle våre 6 kommuner.

Hallingdal skal være et trygt sted å vokse opp. Det er et ansvar som påligger alle: Foreldre, politikere, kommunene og ungdommene selv. Vi ønsker oss et Hallingdal som skal være fri for narkotika, og Hallingtinget er imot en generell avkriminalisering av narkotiske stoffer: Det overordnede målet må være at færrest mulig utvikler rusavhengighet. Hallingtinget ønsker å jobbe for inkluderende og trygge lokalsamfunn - samfunn der alle føler seg ivaretatt og der ungdommen vokser opp med trygge rammer.

Kjære ungdommer i Hallingdal: Vis MOT til å si nei - tør å si ifra!"

Sign. alle

Hallingdal, 7. nov 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

Vedlegg: Revidert handlingsprogram til Strategisk plan

**Handlingsprogram 2023 – 2025**

| <b>NÆRINGS LIV</b>                        |  |            |                             |                      |                      |
|---|--|------------|-----------------------------|----------------------|----------------------|
| <b>Næringsutvikling og arbeidsplassar</b> |  | <b>Tid</b> | <b>Ansvar</b>               | <b>Involvering</b>   | <b>Merknad</b>       |
| 1   | Utvikle sykkelsatsinga i regionen for å skape fleire heilårs arbeidsplassar  | Årleg      | Tråkk`n Roll                | Kommune, Næringa, RR |                      |
| 2   | Utvikle Hallingdal som ein meir «næringsvenleg region» Utarbeide ein digital portal med oversikt over alle ledige næringsareal, næringsstomter, ressurspersonar og støtteordningar. Vurdere etablering av investeringsfond | 2023       | Næringsforum                | RR, HNH<br>Kommune   |                      |
| 3   | Arbeide aktivt for å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til regionen   | Årleg      | RR                          |                      |                      |
| 4   | Arbeide for eit digitalt rettleiingssenter i Hallingdal(spesifiser)  | 2024       | RR                          | Viken                |                      |
| 5   | Starte opp «prosjekt Hyttehallingen»   | 2022       | RR                          | Kommune og hyttefolk |                      |
| 6   | Starte prosjekt «Berekraftig vekst og utvikling for nystartarar i næringslivet»  | 2022       | Hallingdal etablerer senter | HNH                  |                      |
| 7   | Utarbeide ein <u>regional innkjøpsstrategi</u> for å tilpasse utlysingar slik at lokale aktørar kan delta og på den måten bidra til å ivareta, styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv.                                  | 2023       | Kommune                     |                      |                      |
| 8   | Utgreie eit regionalt innkjøpskontor i Hallingdal Hovudoppgåver skal vera innkjøp og kontraktsoppfølging   | 2023       | Kommune                     |                      | Krev kom. finans     |
| 9   | Arrangere yrkesmesse i Hallingdal  | 2023       | RR                          | HNH                  |                      |
| 10  | Arbeide for å sikre og utvikle NORTURA   | 2022       | RR                          | RR                   |                      |
| 11  | Gjennomføre Verdiskaping- og ringverknadsanalyse for Hallingdal  | 2022       | Destinasjons-selskapa       |                      | Berekraftig reisemål |
| 12  | Gjennomføre omstillingsprogrammet «Sats på Hallingdal»: Utvikle eksisterande og nye næringar, skapa nye arbeidsplassar og ein meir variert næringsstruktur   | 2021-2024  | RR                          | Kommune, næringsliv  |                      |

| Nyskaping, innovasjon og entreprenørskap |   | Tid   | Ansvar                 | Involvering                         | Merknad               |
|--|---|-------|------------------------|-------------------------------------|-----------------------|
| 13                                       | Etablere eit senter for innovasjon i Hallingdal   | 2022  | HNH,<br>Torpomoen      | RR, HNH<br>Kommune                  |                       |
| 14                                       | Styrke arbeidet med nyskaping, innovasjon og entreprenørskap i kommunane.   | Årleg | Kommunane              |                                     |                       |
| Kompetanseutvikling                      |   | Tid   | Ansvar                 | Involvering                         | Merknad               |
| 15                                       | Arbeide for fleire og utvida desentraliserte studietilbod for høgare utdanning i Hallingdal   | Årleg | RR,<br>Kompetanserådet | Kommune,<br>Næringa, FIV            |                       |
| 16                                       | Arbeide meir oppsøkande mot studentar som er heimehøyrande i Hallingdal eller som vil til Hallingdal. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kople studentar og bedrifter som tilbyr arbeidsplassar.</li> <li>• Synleggjera verdiskapingsprogram, internship-ordningar og karrieremoglegheiter</li> </ul> | 2023  | RR                     | Kommune                             |                       |
| 17                                       | Arbeide for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod, og kople vidaregåande skule og lokalt næringsliv.  | Årleg | RR,<br>Kompetanserådet | RR, Viken<br>Kommune,<br>næringsliv | Partnerskap med Viken |
| 18                                       | Vidareføre Ungt entreprenørskap Hallingdal med intensjon om å utvide ordninga til vgs. Stipulert ekstra kostnad på kr. 100 000, som krev ekstern finansiering   | Årleg | UE                     | RR, Viken                           |                       |
| 19                                       | Sikre tilstrekkeleg tal på lærlingplassar i Hallingdal. Kommunane skal tilby minst 2 lærlingplassar pr. 1000 innbyggjar.  | 2022  | Kommune<br>Næringsliv  |                                     |                       |

| INFRASTRUKTUR |   |       |                                |             |         |
|---------------|---|-------|--------------------------------|-------------|---------|
| Jernbane      |   | Tid   | Ansvar                         | Involvering | Merknad |
| 20            | Arbeide aktivt for realisering av Ringeriksbanen <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre tilgjengeleg transport av sykklar og aktivitetsbasert utstyr på tog</li> <li>• Utarbeide ein påverknadsstrategi for avgangar, stoppestader, prisstruktur osv</li> </ul> | Årleg | RR,<br>Samferdsels-<br>utvalet | FNB, Vy     |         |

| Veg  | Tid  | Ansvar                            | Involvering                         | Merknad                   |
|--|------|-----------------------------------|-------------------------------------|---------------------------|
| 21 Vidareutvikle Hallingdalsløysinga: <ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide for utvikling av vegpakke Hallingdal, Rv7 og Rv52 i tråd med NTP 2022 – 2033</li> <li>Arbeide for betra vinterregularitet på fjellovergangane</li> <li>Jobbe med konsekvensar av stenging av Lærdalstunellen</li> </ul>       | 2023 | Samferdsels-utvalet               | Kommunar, Næringsliv Fylkeskommunen |                           |
| 22 Få på plass fleire ladepunkt for el-sykkel og el-bil, og arbeide for løysingar for fossilfrie tyngre kjøretøy   | 2023 | Berekraftig reisemål, RR NÆRING   | Kommune, Viken                      | Hafslund/ECO,defa Vidju   |
| Breiband   | Tid  | Ansvar                            | Involvering                         | Merknad                   |
| 23 Vidare breibandutbygging i samarbeid med Hallingdal Kraftnett   | 2023 | RR                                | Kommune, VIKEN, HKN                 |                           |
| 24 Arbeide for utbygging av 5G nettet  | 2023 | IKT Hallingdal                    |                                     |                           |
| Kollektiv og trafikktryggleik  | Tid  | Ansvar                            | Involvering                         | Merknad                   |
| 25 Arbeide for betra kollektivtransport – herunder: <ul style="list-style-type: none"> <li>Betre dimensjonering av tilbodet</li> <li>korrespondanse og samkøyring - buss og tog</li> <li>Fleire avgangar med kollektivtransport i samband med helger og høgtider</li> <li>Kommunikasjon, marknadsføring</li> </ul> | 2023 | VIKEN, kommune Samferdsels utvalg | VY, Brakar                          | Partnerskaps avtale Viken |
| 26 Sjå på moglege lokale transportordningar for gjester som reiser kollektivt (delingstenester)  | 2023 | Viken, RR                         | Berekraftig reisemål                |                           |

| KLIMA OG MILJØ   |      |               |                      |              |
|--|------|---------------|----------------------|--------------|
| Ein grønare dal (tydelegare organisering)  | Tid  | Ansvar        | Involvering          | Merknad      |
| 27 Etablere eit berekraftssenter i Hallingdal (om dette blir konklusjonen til forprosjektet) | 2023 | Klimanettverk | kommune              |              |
| 28 Utarbeide felles klimaplan i Hallingdal   | 2023 | Klimanettverk | kommune              |              |
| 29 Innføre klimaråd i kvar kommune   | 2023 | Kommune       |                      |              |
| 30 Få på plass ein klimakoordinator i Hallingdal   | 2023 | RR, kommune   | VIKEN, SB1 stiftinga |              |
| 31 Innføre klimabudsjett og klimarekneskap i kvar kommune                                    | 2023 | Kommune       |                      | Gol er pilot |
| 32 Utarbeide felles retningsliner for klimavennlige innkjøp                                  | 2023 | Kommune       | Viken                |              |

| Reduserte klimautslepp |                                  | Tid  | Ansvar  | Involvering          | Merknad           |
|------------------------|----------------------------------|------|---------|----------------------|-------------------|
| 33                     | Delta i klima Viken              | 2023 | Kommune |                      |                   |
| 34                     | Vidareføre Grøn Vekst Hallingdal | 2022 | RR      | Eige prosjekt        | Krev finansiering |
| Avfallshåndtering      |                                  | Tid  | Ansvar  | Involvering          | Merknad           |
| 35                     | Etablere sortering på alt avfall | 2023 | RR, HR  | Kommune, Næringa, RR |                   |

| ATTRAKTIVITET OG OMDØMME |   |       |            |                         |                                |
|--------------------------|---|-------|------------|-------------------------|--------------------------------|
| Livskvalitet             |   | Tid   | Ansvar     | Involvering             | Merknad                        |
| 36                       | Vidareføre bu og blilyst prosjekt i alle kommunar. Dette handlar om stadsutvikling, nyttilflytting, integrering, trivsel og involvering av dei som bur i dalen, mobilisering av frivillige osv                        | 2023  | kommune    | Frivillige, næringsliv  |                                |
| 37                       | Oppfølging av funn i Livskvalitetsundersøkinga  | 2023  | RR/kommune | Kommune, FHI            |                                |
| 38                       | Vurdere innføring regionalt friluftsråd   | 2022  | Kommune RR |                         | Krev finansiering              |
| Rekruttering             |   | Tid   | Ansvar     | Involvering             | Merknad                        |
| 39                       | Vidareutvikle jobb i Hallingdal   | 2023  | RR         |                         |                                |
| 40                       | Arrangere eit Hallingtreff pr år i dei store byane Singelfestival   | Årleg | RR         |                         |                                |
| 41                       | Arrangere singelfestival i Hallingdal?  | 2024  |            |                         |                                |
| 42                       | Utarbeide ein rekrutteringsstrategi i Hallingdal for offentlig sektor   | 2023  |            |                         |                                |
| 43                       | Arrangere ungdomens Hallingting   | 2023  |            |                         |                                |
| Profilering              |   | Tid   | Ansvar     | Involvering             | Merknad                        |
| 44                       | Etablere ein overordna informasjons/profileringskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no, Fritid Hallingdal, Kva skjer i Hallingdal, destinasjonsselskapa, Kommunane, regionrådet, ulike bookingsider, Jobb i Hallingdal. | 202   | RR         | RR<br>Kommune<br>Næring | Prosjekt<br>Kostnad<br>250 000 |

|    |   |      |                      |                    |                        |
|----|---|------|----------------------|--------------------|------------------------|
| 45 | Vurdere ein stilling øyremerka profilering og drift av Hallingdal.no + sosiale medier           | 2023 | RR                   | RR, kommune næring | Kostnad 1.mill. pr. år |
| 46 | Arrangere vertskapskurs som inkluderer kunnskap om bærekraftig reiselivsutvikling annankvart år | 2023 | Destinasjon-selskapa | kommune            | Berekraftig reiseliv   |
| 47 | Styrke felles marknadsføring av Hallingdal som heilårsdestinasjon                               | 2023 | Destinasjon-selskapa | kommune            |                        |

| <b>TENESTEUTVIKLING</b> |   |                |                     |                |  |
|-------------------------|---|----------------|---------------------|----------------|--|
| <b>Fagmiljø</b>         | <b>Tid</b>  | <b>Ansvar</b>  | <b>Involvering</b>  | <b>Merknad</b> |  |
| 48                      | Vurdere og prioritere kva fagmiljø og kva tenester som bør/må samarbeide tettare for å betre kvalitet, økonomi eller redusere sårbarheit og styrke beredskap  | 2023           | Rådmannsutvalet     | Formann-skapa  |  |
| 49                      | Kartlegge kva planar og styringsdokument som kan være felles i Hallingdal   | 2023           | Rådmannsutvalet     |                |  |
| 50                      | Utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helsetenester, beredskap og livskvalitet. Vurdere å utvikle eit forskingsmiljø ved Hallinghelse  | 2023           | Rådmannsutvalet     | Hallinghelse   |  |
| 51                      | Betre det administrative tverrkommunale samarbeidet på tvers av fag og profesjonar.   | 2023           | Rådmannsutvalet, RR |                |  |
| 52                      | Innarbeide velferdsteknologiprojektet i linjeorganisasjonen, samt få på plass ein regional ressurs.   | 2022           | Kommunane           |                |  |
| 53                      | Gje dei tverrkommunale fagmiljøa som sjølv ønskjer meir formalisert og tettare samarbeid, mandat til å konkretiser korleis dei vil gjera det. Dette gjeld: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturområdet</li> <li>• Kulturskuleområdet</li> <li>• Planforum</li> <li>• Næringsforum</li> </ul> | Innan mai 2022 | Rådmannsutvalget    |                |  |
| 54                      | Utgreie eit interkommunalt samarbeid innanfor Demensomsorga i Hallingdal <ul style="list-style-type: none"> <li>• Unge demente</li> <li>• Alvorleg demenssjukdom</li> <li>• Bustader</li> </ul>   | 2023           | Kommunane HOF       |                |  |
| 55                      | Utgreie eit interkommunalt samarbeid til ressurskrevande brukarar   | 2023           | Kommunane HOF       |                |  |

| Digitalisering |   | Tid  | Ansvar | Involvering | Merknad |
|----------------|---|------|--------|-------------|---------|
| 56             | Innføre felles digitaliseringsstrategi i Hallingdal                   | 2021 | IKT    | kommune     |         |
| 57             | Restrukturere organisering og leing av digitale tenester og løysingar | 2023 | IKT    | kommune     |         |
| 58             | Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane                     | 2023 | IKT    | kommune     |         |
| 59             | Delta i DigiViken   | 2022 | IKT    | kommune     |         |